Fylkesmannen i Vestland

Sted:
Bergen

Vår ref.(oppgi ved svar):
2019/1035

Dato:
02.07.2019

Dykkar ref.:
Jan Henning Øyehaug

VIK ØRSTA AS AVD VIK I SOGN
Postboks 193 (JE)
6151 Ørsta

Saksbehandsamar::
Britt Solheim

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Vik Ørsta AS, avd Vik

Kontrollnummer: 2019.111.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Jan Henning Øyehaug
Kurth Martin Helleland
Ann Helen Krøvel

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Toril Marie Mulen og Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Vik Ørsta AS, avd Vik den 28.05.2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 1 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda si handtering av kjemikal har manglar

Merknader:

- Rutine for handtering av farleg avfall er ikkje oppdaterast
- Verksemdas merking av syrekar og prosessbad kan betrast

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Britt Solheim	Sissel Storebø
senioringeniør	seksjonsleiar

Kopi til: Vik kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: VIK ØRSTA AS AVD VIK I SOGN	
Organisasjonsnr.: 980320677	**Eigd av:** 985001952
Bransjenr. (NACE-kode): 25.110 - Produksjon av metallkonstruksjoner og deler	

Kontrollert eining

Namn: Vik Ørsta AS, avd Vik	**Anleggsnr.:** 1417.0004.01
Kommune: Vik	**Fylke:** Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling	
Løyve gitt: 20.08.1997	**Sist endra:** 01.09.2009

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og internkontrollforskrifta, vert overhaldne. Inspeksjonen er del av ein nasjonal kontrollaksjon i verksemder som driv med kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sikring mot akutt utslepp
- Avfall
- Kjemikaliar

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Vik Ørsta AS, avd Vik pliktar å rette opp avviket som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Vik Ørsta AS, avd Vik innan 1. oktober 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Britt Solheim.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 2. mai 2019. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Vik Ørsta AS, avd Vik betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1
Verksemda si handtering av kjemikal har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskriften § 5 2. ledd punkt 6 (risikovurdering) og punkt 7 (rutinar)
- Utsleppsløyve punkt 2.6. Internkontroll
- Produktkontrolloven § 3. Aktsomhetsplikt (lagring/håndtering)

Kommentarar til regelverket:
Internkontrollforskrifta skal fremme eit forbetringsarbeid for blant anna å verne ytre miljø mot forureining og betre behandling av avfall. Arbeidstakarane skal medverke ved innføring og utøving av internkontroll. Innhaldet i det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet skal tilpassast verksemda sin art, aktivitetar, risikotilhøve og storleik. Punkt 4-8 i internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, har krav om å vere dokumenterte skriftleg.

Risikovurdering (punkt 6)
Verksemda skal kartleggje farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko, og utarbeide tilhøyrande planer og gjennomføre tiltak for å redusere risikotilhøva.

Rutinar (punkt 7)
Verksemda skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte slik at dei kan inngå i internkontrollen.

Produktkontrolloven § 3. Aktsomhetsplikt mv. seier at den som produserer, innfører, omsetter, brukar eller på anna måte handterer produkt som kan føre til miljøforstyrring, mellom anna i form av økosystem, forureining, avfall, støy og liknande, skal vise aktsemd og treffe rimelege tiltak for å førebyggje og avgrense slik verknad.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Lagring av kjemikal
Fleire IBC-tankar med flytande kjemikaliar var lagra innandørs, utan oppsamlingsarrangement. Verksemda har kjøpt ny konteinar for lagring av kjemikaliar, men den var ikkje tatt i bruk. Det blei opplyst at den midlertidige lagringa innandørs var risikovurdert. Risikovurderinga var ikkje skriftleg dokumentert i verksemdas internkontroll.

Rutinar
Verksemda gjennomfører substitusjonsvurderingar av helse og miljøskadelege kjemikal. Skriftleg rutine som viser korleis arbeidet med vurderingane skal utførast, mangla ved tilsynet. Rutine for gjennomføring av verksemdas risikovurdering for ytre miljø kunne ikkje dokumenterast.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1
Rutine for handtering av farleg avfall av 26.09.2018 er ikkje oppdaterast

Kommentarar:
Rutine for handtering av farleg avfall er ikkje oppdatert med at deklarering av farleg avfall skal skje via nettstaden www.avfallsdeklarering.no. «Spesialavfall» bør endrast til «farleg avfall», jf. Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. Farleg avfall er definert som avfall som skal klassifiserast som farleg i samsvar med vedlegg 1 til kapittel 11. Rutinen bør også vise til Avfallsforskrifta kapittel 11.

Merknad 2
Verksemdas merking av syrekar og prosessbad kan betrast

Kommentarar:
Syrekar og prosessbad var ikkje merka tydeleg med innhald

8. Andre tilhøve

Vik Ørsta AS avd. Vik i Sogn driver med overflatebehandlingsprosessar som varmforsinking, sinkfosfatering og pulverlakkering. Verksemda har utslepp av reinsa prosessavløpsvatn til sjø. Før utslepp blir pH- verdi og vassmengde kontrollert. Reinseanlegget er basert på utfelling av tungmetall ved pH- justering for å oppnå optimal utfelling av dei forskjellige tungmetalla. Flokkuleringsmiddel blir tilsett for sedimentering. Tungmetall blir felt ut som metallhydroksid. Slammet går gjennom filterpresse og blir levert til godkjent mottakar av denne typen avfall.

Verksemda har ikkje maksimal produksjon i dag , men ønskjer å auke produksjonen opp mot maksimal produksjon gitt i løyvet.

I tillegg til at Vik Ørsta avd. Vik deklarerer og leverer eige farlege avfall, deklarerer og leverer dei også farleg avfall for leigetakarar på eigedomen. Regelverket har krav om at det er avfallsprodusenten som er ansvarleg for å levere og deklarere eige farlege avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-12. Leigetakarane må kunne dokumentere at avfallet deira er deklarert via avfallsdeklarering.no.

Avfallmottak, innsamlarar, transportører eller konsulentar kan deklarere på vegne av ein avfallprodusent, dersom fullmakt er gitt frå verksemda. Dette må registrerast i avfallsdeklarering.no.

Industriutsleppsdirektivet, IED
Verksemda er omfatta av Industriutsleppsdirektivet, IED. Det er viktig å vere oppdatert på referansedokumenta for bransjen for å få oversikt over beste tilgjengelege teknikkar. Alle referansedokumenta for «Best Available Techniques (BAT) Reference Document finn de her: http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/

BREF for Ferrous Metals Processing (FMP)
Del D i dagens versjon av dette BREF`et dekker ikkje berre ei bransje, men inneheld miljømessige tiltak og teknikkar som skal vurderast ved avgjerd om beste tilgjengelege teknikkar, BAT i fleire bransjar. Grenseverdiane som er gitt her er ikkje bindande i dag, slik BAT- konklusjonane er. Del D gjeld mellom anna bruk av beisebad og har grenseverdiar for utslepp til luft frå bada. Del C gjeld for varmforsinking.

Utkast til revidert BREF
Utkast til revidert BREF for Ferrous Metals Processing (FMP) blei offentleggjort 29. mars 2019. Høyringsfristen var 7. juni 2019. Når BREF´et er publisert, vil grenseverdiane bli bindande og eventuelle løyve må endrast. Utkast til «Best available Techniques (BAT) Reference Dokument for the Ferrous Metals processing Industry» finn du her: http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/BREF/FMP/FMP_D1_web.pdf

Revisjon av "Surface Treatment of Metals and Plastics" vil starte I 2020/2021. Her finn de dagens bref: http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/stm.html

I tillegg til Miljødirektoratet, så har Den danske Miljøstyrelsen god informasjon om IED. Opplysningane finn de her: https://mst.dk/erhverv/industri/bat-bref/liste-over-alle-brefer/

9. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

10.Informasjon til verksemda
Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Forventninger til virksomheters utslippskontroll (TA-2748)